

Referat frå foreldremøte 7. trinn 16.09.19

18 elevar var representerte. Frå skulen var Else, Birgitte og Marianne til stades.

- **Klassemiljø**

Klassen har arbeidd mykje med klassemiljøet. Det har vore fokus på å leggje «uvanane» bak oss og starta på nytt. Elevane har sjølv vore med å utarbeida eit glansbilete, kven dei ønskjer å vera og kva me kan gjera for å nå dette saman. Vedlagt ligg lab-rapport frå møtet, der finn ein også forslaga foreldra hadde til sitt bidrag.

Det vart påpeika at me også må ha fokus på å gjera barna våre robuste, og at ein er ulike i kva ein toler. Respekt.

- **Inkluderande skule- og barnehagemiljø**

Birgitte gjekk gjennom felles retningsliner og informerte om prosjektet alle Radøy- skulane og barnehagane er med på.

- **Vaksne i klassen**

Sjå vedlagt lab-rapport.

- **Fag og timeplan**

Klassane har pr. no ulike timeplan. Etter kvart vil me parallell-leggje matte og norsk slik at planen vert meir lik. Me ønskjer også å bryta opp A/B grupperinga der det er høveleg og nytta styrkingsressursane etter behov i dei ulike faga.

Det kan koma meir lekser etter kvart, men det skal «løna» seg å gjera ein god innsats på skulen. Då har ein mindre lekser heime. Dersom nokon treng signatur frå lærar om at leksene er gjort eller endra er det berre å gje beskjed.

- **Leirskule veke 22**

Kort informasjon. Elevane kjem til å trenge ein del utstyr – kanskje ein kan ønskje seg til jul, bursdagar ol. Treng ikkje vera det dyraste. Pleier vera veldig kjekt.

- **7. klasses treff**

Komitè: Gudrun, Kjersti, Jannicke.
Manger skal ha i november.

- Avslutningsfest

Komitè: Lene, Tor-Erik (Evt. Renate), Roar.

Det er ca. 14000 på klassekontoen. Det kom forslag om ikkje å samle inn meir, det er truleg nok til avslutningsfesten. Det bør ikkje stå pengar att når dei vert delt i 8. klasse. Dersom ein vel å leige Solvang til festen må ein rekne med å måtte hjelpe skulen med frakt av div instrument ol på denne dagen.

- Ymse

Val av ny vara-klassekontakt: Nina

Klassen har 3000 kr frå hoppetau-konkurransen. Desse pengane kan lærarane bruke på elevane til sosiale ting. Desse ligg i safen hjå Marianne.

Referent Marianne

Vedlegg: lab-rapport learnlab.